

Emnenr. 2

Fylke: Vest Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Laudal.

Emne: Transport av høi.

Bygdelag: Øvrebygda.

Oppskr. av: O.G.Bruskeland

Gard: Bruskeland

(adresse): Mandal

G.nr. 8

Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Lite å melde. Er vorte ligganda avdi eg hadde vena å få eit par fotografi. Det har ikkje lukkast.

Eg hugsar fra 1880 åra. Det er serleg frå umlag 1900 endringane er kome.

Utanom det som vart nytta til åker var der lite dyrka mark og nesten ikkje kunsteng 1880-1890 åra. Engmarka heime på garden var rydda litt i overflaten og blei årleg overgjødsla med naturgjødse. Mykje høi blei henta frå n/a/ heilt naturleg mark heime ved garden eller frå "slåte" som låg til vanleg eit par km. f eller litt mindre frå garden. Høiet som dei hausta der kaltes "skraphøi" udjords-høi eller "~~eller~~"slåtehøi". Det blei brukt til sauene, ungkrøter og kyr som ikkje mjølka. Når det var frå bakkemark var det ganske godt, frå myr mindre godt.

Før 1880 blei ofte brukt stakk. Frå 1880 omtrent ikkje. Dei fekk seg utlær "slåteløse". Ein gard kunde ha 4-5 slike.

I 90 åra tok nydyrkinga så småt til og i gamal åker blei sådd engfrø. Serleg då det blei dyrkningsbidrag å få og likeeins kunstgjødse å få kjøpt har høiavlinga heime på gardane auka munadleg og slått i utmarka teke av og er nå på det næraste slutt. Dei som har små bruk har halde på lengst. I 80 åra var det nok så likt for store og små bruk.

1 Framgangsmåte var omtrent den same på større som små bruk.

Dei som ikkje hadde hest bar høiet på ryggen eller "ærog" det om vetteren heim på "kjelke" eller dei fekk lånt hest.

2 Dei fleste bar høiet til slåtela. Dei som hadde hest nytta hest dersom marka var slik at det kunde la seg gjera.

i 1880 åra blei ikkje brukt hesjer. Heime på garden er det frå omlag 1900 komen i bruk etterkvart, så nå ver~~f~~ omtrent alt høi heime på garden hesja.

Ein brukte "byreteg". Dei var frå først av lindebast, - "basteteg" seinare av hamp "hampeteg". Dei var stivare og skarpere så dei likesom "skar meir i akslene". Nå er det omtrent slut med å bera høi. Enkelte "trak" nok høiet på "handkjerre" med det var få.

Dei som nytta hest brukte i 80 åra bare "slee og høitrom!" Sleen hadde meier av tre. Var til vanleg 7-8 fot lang. Vanleg breidde. På denne festa dei så "høitrome". Det var til vanleg 2 fot lengere end sleen. Bunnan på dette var laga av 6-7 bord laga litt frå kvarandre, så det vart noko breidare end sleen. Dei vart halden på plass med "svegar"²⁻³ tvert over og i kvar ende. Her gjekk svegane opp i ein halvrundig til omlag 4 fots høgde. I mitten av desse ein staur som ved "kne" nede blei festa til mittbordet, oppe til svegen. Det kaldtes "tromstammen". Millem den runding som stamnane var fest til blei festa vidjer både på tvers og opp og ned så høiet ikkje skulde falde ut. Svegane var av langvaksen rogn "raun") av sterleik som ei feskeatong-I staden for-eller ved siden av bruktes hassel.

Til øvre ende av "bakstammen" var ved ein ~~4~~aug stubb (tidligare av vidje) festa "tromtonga" eller "lassmannen".

Denne var arbeid av 2 greit tilpussa bjørkestaur. -6-7 fot lange. Ved endane var dei festa saman i omlag 1 fot frå kvarandre med tvertre. I den enden som skulde nyttast framme var festa ein trepinne⁷ omtrent som eit solid rive-

tind som vende bakover. Den andre enden av "trømtenga" blei festa til taugenden frå bakstammen i høitromet.

Når dei leste hang "trømtanga" baketter. Når lasset ^{va høllet} la dei trømtenga oppå lasset og ved taugstub festa i framstammen sleg dei taugenden om tvertret framme på trømtenga, trekte til-og for å festa sleg dei taugstubbeb kring den nemnde trepinne. Så "knepte" dei lasset ved å slå taug rundt. Var der greit å kjøyra bare eit, var det kortvakse høi og ulendt veg-2 taug rundt. "Kneppetøget" var enkelt og til vanleg sterkare end "byretøget". Dei sleg tauget rundt og knepte lasset.

Når dei om vetteren kjøyrde høiet heim frå "slåteløa" brukte dei alltid 2 kneppetog og under langsetter la dei vanleg ei eller to granne langvaksene småbjørke så blei lasset støre og det blei mindre spild.

Til å kjøyra inn høiet heime fekk dei ~90 åra langvogn på 2 hjul. På denne sette dei så høitrome. Dei arbeide eit litt større eller flytta over frå sleen.

Etterkvart som dei gamle døde kunde ingen arbeide høitrom av eller med "svegar" som nemnd. Så gjek dei over til å bruka bordgrinder langsetter og korte grinner framme og bak. Bruk av stede er det vorte slut med, i samband med at det er blit slut med å slå i "slåtene." og utmark som ligg vrangt til.

Sle, kiper, trillebør ikkje brukt.

Dei kjøyrde bare med ein hest.

I dei seinare år har endel fengje seg vogn på 4 hjul til å kjøyra inn høiet med (Hadelands typen) eller liknande etterlikningar, med faste endestykker og lause sidegrinner.

Til hesjene bar dei vanleg "råhøiet" tildels kjøyrde dei med hest. Når er "sleperivene" teke i bruk.

Her var ikkje fellesslått, men naboer kunde ha "slåteløene" i nærheten av kvarandre. Då brøyta dei vanleg i fellesskap. Det var gode naboerhold i så måte.